Utdanningsforbundet
Vestland

VIDAREGÅANDE SKULE OG FAGSKULE

Viktige datoar

24. april, *Forhandlingsstart i KS*

29. april, kl. 15.00-16.00 Dig. foredrag *Utdanning under angrep — hva skjer i USA?*

30. april, ved midnatt *Fristen å kome til semje*

30. april, kl. 09.00 — 16.00, *Utvalet for oppvekst og kompetanse avgjer justeringssaka*

15. mai, kl. 11.00-12.00 *Dig. kurs Lønssamtalen — hva er viktig?*

06. juni, *Svarfrist innspel om SFS2213*

MÅNEDSNYTT APRIL 2025

ORGANISASJONSMESSIG HANDSAMING AV ARBEIDSTIDSAVTALANE I KS

Hausten 2025 skal arbeidstidsavtalen SFS 2213 reforhandlast. Dersom partane ikkje vert samde før jul, kan forhandlingane bli overførte til hovudtariffoppgjeret i 2026. Det har blitt sendt tydelege signal frå KS om at dei ønskjer å mjuke opp avtalen i ei meir «fleksibel» retning. Sentralstyret ønskjer innspel frå medlemmene i forkant av reforhandlingane, og har difor vedteke at det skal gjennomførast ein prosess i organisasjonen, der enkeltmedlemmar, klubbar og lokallag får høve til å kome med innspel. Desse innspela vil vere ein viktig del av sentralstyret sitt avgjerdsgrunnlag når dei skal vedta kva inngang og eventuelle krav organisasjonen skal ha i forhandlingane.

Lokallaga skal gjennomføre høyringa for grunnskulen og barnehagesektoren, medan vi i VGO samlar inn innspel frå dykk ATV-ar. Vi håpar de klarar å innhente synspunkt på breiast mogleg grunnlag. Fint om de rekk ein gjennomgang av heile avtalen saman med klubben. Kva er viktig å bevare, og kva treng forbetring? Fristen for innsending er 6. juni. Det er desse to spørsmåla sentralstyret ønskjer innspel på:

1. Kva i dagens særavtale for arbeidstid i skule (SFS2213) treng forbetringar. Nemn gjerne fleire ting, men prioriter den du meiner er den viktigaste.
2. Kva i dagens særavtale for arbeidstid i skule (SFS2213) er det viktig å behalda / ikkje endra ? Prioriter tre punkt.

Lenke til arbeidstidsavtalen SFS 2213 Arbeidstid skole

LØNSOPPGJERET 2025

Vi er inne i ein avgjerande fase denne veka. Kjem partane til semje innan midnatt 30. april? (For dei private skulane kan andre datoar gjelde.) Klarar vi å sprenge frontfagsramma på 4,4 %? Korleis blir fordelinga av lønsmassen mellom dei forskjellige kommunale yrkesgruppene? Alt du treng vite står her.

JUSTERINGSSAKA

I år har det vore fleire hundre fleire søkjarar enn i fjor. Det er fleire som søker seg til yrkesfag. Då er det utfordrande at administrasjonen føreslår eit netto nedtrekk på 10 klassar. Det er flott at fleire har teke kontakt med lokallaget og politikarane om saka. Vi tillitsvalde har òg fått ein del førespurnader, og det er bra at vi får litt oversikt over kvar skoen trykkjer mest. Onsdag 30. april blir saka avgjord politisk i utvalet for oppvekst og kompetanse. Vi skal følgje møtet frå tilhøyrarbenken. Møtet blir også streama.

FORMSUNDERSØKING OM MOBILREGLAR I UNDERVISNINGA

23 ATV-ar har delteke i undersøkinga i Forms. Resultatet viser at prosessen fram mot å lage mobilreglar på skulane har variert mykje mellom skulane.
Fleire melder tilbake at mobilbruken fungerer betre no, men endå fleire meiner at løysinga ikkje er optimal. Dei aller fleste ønskjer seg felles reglar som gjeld for heile Vestland. Vi tek evalueringa med vidare til politikarane.

HØYRING OM INNFØRING AV «Save Exam Browser»

Frå 2026 av skal det innførast eit program som låsar PC-ar til eit skrivevindu under eksamen. Høyringa blir sendt ut 5. mai med ei svarfrist på berre få dagar.

OPPNEMNING AV KANDIDATAR TIL DEI FAGLEGE RÅDA FOR YRKESFAG

Takk for at de har meldt inn gode kandidatar til oss. Vi har vidaresendt forslaga på alle dei 12 kandidatane frå 8 forskjellige skular, i uprioritert rekkefølge, til UDF sentralt.

FELLES PLANLEGGINGSDAG VED SKULESTART

Fylkesadministrasjonen har lagt opp til ein felles områdevis planleggingsdag før oppstarten av skuleåret 25/26. Vi har fått ein del tilbakemelding frå dykk ATV'ar om at ein ikkje tykkjer det er god bruk av planleggingsdagane med slike felles opplegg, og vi tek kritikken vidare.

Bruken av ein planleggingsdag til fellesopplegg for fylket har ikkje blitt drøfta med oss hovudtillitsvalde, noko vi tok opp med administrasjonen og vi ba om at administrasjonen tok vekk dagen frå agendaen, men administrasjonen ville halde på planen slik den vart skissert til rektorane i e-post 26.mars.

Slik det er no har fylket lagt opp til felles bruk av 2 av 6 planleggingsdagar, og vi vil tru det legg ekstra press på arbeidet lokalt med dei resterande dagane. Det er også viktig at skulen ved rektor gjev tilbakemelding til sin områdeleiar om ein er ueinig med fylkesadministrasjonen på bruken av planleggingsdagane.

KOMPETANSENETTVERKA

I januar 2025 blei ei referansegruppe med representantar frå OPK, fire rektorar (ein frå kvart område) og to hovudtillitsvalde sett ned for å utarbeide ein ny modell for kompetansenettverk. Bakgrunnen var ei evaluering av modellen som kom i stand ved etableringa av Vestland fylkeskommune.

Modellen for kompetansenettverk som referansegruppa la fram i mars, blei sett til side av direktør for opplæring og kompetanse, Bjørn Lyngedal. Referansegruppa blei istaden bedne om å utarbeide ein ny modell. I den nye modellen skulle ein gå bort frå tanken om regionvise nettverk, ikkje ha ei oppdeling av samfunnsfaga og realfaga, samt fjerne ressurs til frikjøp for å leie fagsamarbeidet.

Referansegruppa fekk klåre kriterier frå Lyngedal for å utarbeide ein ny modell, der organisering i klynger/samarbeidsskuler var eit grunnpremiss. Det skal vere kompetansenettverk innan dei 11 store faga/utdanningsprogramma, medan dei 8 mindre fagområda blir fylkesvise. Samla midlar til kompetansenettverka er om lag 5 millionar. Det skal vere ei lik fordeling av midlar til kvart område. Midlane blir vidare tildelte som ein lokal pott på den einskilde skule, og skal føre til eit stort lokalt handlingsrom. Eit avgjerande kriterium er at midlane skal nyttast til kompetanseutviklande tiltak, og at lærarar og tillitsvalde skal vere involverte i prosessen. Oppfølging/bruk av midlane i områda skal rapporterast til avdelingsdirektøren.

Utdanningsforbundet meiner at kompetansenettverka no i større grad blir organisert som eit fagseksjonsarbeid i tillegg til fagnettverkdagen i november. Då er det særs viktig å sikre eit godt partssamarbeid om bruken av midlar ved den einskilde skule. Dei ulike fagområda kan søkje om midlar til ulike prosjekt og føredragshaldarar med vidare. Vi hovudtillitsvalde meiner at ein no òg kan drøfte å bruke midlar til frikjøp. Direktør for opplæring og kompetanse hadde avslutningsvis eit kriterium om at ein må leggje til rette for deling av erfaringar gjennom Teams-nettverk.

Vi håpar at de lokalt kan jobbe for å finne best moglege løysingar for kompetansenettverka.